

Kjellaug Børtveit  
Børtveit 57  
5281 Valestrandsfossen  
E-post: [k-boertv@online.no](mailto:k-boertv@online.no)  
Tlf: 98691185

20.august 2023

Osterøy kommune  
Landbrukskontoret v/Martin Ivar Henden  
E-post: [martin-ivar.henden@osteroy.kommune.no](mailto:martin-ivar.henden@osteroy.kommune.no)

## SØKNAD OM SKADEFELLING

Eg søker herved om løyve til å skyte mange hjortedyr på min eigedom i tillegg til full kvote. Bakgrunnen er både skade på skog og på innmark.

I vinter har hjorten gjort betydelege skader på skog på Børtveit, gard nr. 115 bruk nr. 2 og 4 og på Skår gnr. 12 bnr. 4. Barkgnaginga har ramma ask, rogn og selje. Barkgnaginga rundt stammen vil føre med seg råteproblem som kan spreie seg til heile stammen innan kort tid slik at trea blir svekka, og stammebrekk kan bli utfallet. Det er mange tre på eigedomen som har blitt barkgnaga av hjort. Så å seie all ask på eigedomen har blitt barkgnaga. Ask er eit edellautre og kan bli opptil 200 år. Ask er oppført på den norske raudlista som sterkt truga, og beiting frå hjort er ein av dei største trugsmåla for asken. Asken har også ein økonomisk verdi, og er eit ettertrakta treslag blant anna innan produksjon av verktøyskaft, golv og møblar.

I vår og sommar har hjorten gjort betydelege skader på innmark på Børtveit, gard nr. 115 bruk nr. 2 og 4 og på Skår gnr. 12 bnr. 4. Hjorten har ete mykje gras, slik at det har blitt redusert avling igjen på innmark. Dette har ført til mindre fôr. I fôret som blir hausta inn er det mykje ekskrement(bæs) frå hjorten. Ei anna skade hjorten har gjort er å lage fleire paringsgroper på innmark.

Skadeførebyggjande tiltak er i rimeleg utstrekning blitt forsøkt. Kvoten for hjort har blitt skoten dei siste åra. Inntrykket mitt er at sjølv om hjorten er felt etter tildelt tillatelse frå kommunen, har flokkane med hjort blitt større dei siste åra. Her er det observert mellom 10-20 dyr i flokken. Eit uttak retta mot skadegjerande individ vil derfor ikkje trua overlevelsen til bestanden, men kunne dempe vidare skade.

Eg er medlem i hjortevaldet Børtveit, Skår og Burkeland. Kontaktpersonen i hjortevaldet er Hans Stamneshagen.

Eg håpar på positivt svar på søknaden snarast mogleg slik at vi kan felle mange hjortar på min eigedom i haust.

Med vennleg helsing

Kjellaug Børtveit

Vedlegg: Bilete av skadar på skog

## BILETE AV SKADAR PÅ SKOG



Bilete 1: Skade på ask av hjort



Bilete 2: Skade på ask av hjort



Bilete 3: Skade på ask av hjort tett opptil bebyggelse